



Statuttar for Klima- og miljøvernprisen i Voss herad

1. Voss herad sin Klima- og miljøvernpris skal vera til heider og stimulans for einskildpersonar, lag eller bedrifter som har utmerka seg innan miljøvernarbeid i heradet.

Prisen kan eventuelt delast mellom fleire mottakarar.
2. Klima- og miljøvernprisen skal vera eit arbeid innan kunst eller kunsthåndverk utført av lokale krefter i kommunen.
3. Det skal opprettast ein eigen post for Klima- og miljøvernprisen. Løyving vert vedteke årleg som del av budsjetthandsaminga.
4. Gjennom utlysing skal ålmenta få høve til å fremja grunngjevne framlegg om aktuelle kandidatar til Voss herad sin Klima- og miljøvernpris. Lista over føreslegne kandidatar vert ikkje offentleggjort.
5. Klima- og miljøvernprisen vert utdelt av Voss herad ved Utval for Klima, miljø og beredskap. Tildelinga av prisen finn stad i tilknytning til ei særskild høgtidssamkome.
6. Klima- og miljøvernprisen er i utgangspunktet ein årleg pris, men utvalet står fritt til å vedta ikkje å dela ut prisen einskilde år.
7. Statuttane for Voss herad sin Klima- og miljøvernpris kan berre endrast etter tilråding frå Utval for Klima, miljø og beredskap og vedtak i Voss heradsstyre.

Vedtak i Voss kommunestyre 31/10-96, sak 089/96.

Sist vedteke av Voss heradsstyre 22.10.2020, sak 101/20

Sist revidert med namneendring 24.01.2023, sak 04/23

Vedteke i HST 13.11.2025, sak 126/25